



10 gode  
grunnar til  
å vere  
konfirmant i  
kyrkja



No  
er det  
din tur

1. Du får oppleve kva kristen tru er.  
Det er meir enn eit skolefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din,  
og du har ein dag der du blir bekrefta  
for den du er.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap  
med andre på samlingar, leir eller  
weekend, og bli kjent med fleir.
4. Du får engasjere deg for andre  
menneske. Du får også lære kva vi  
kan gjøre for å ta vare på jorda og  
klimaet vårt.
5. På konfirmasjonsdagen får dei som  
er glad i deg feire deg.

6. Du får tid til å reflektere over store  
spørsmål, og bli kjent med kva du trur  
på – og kva som er viktig for deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om  
sorg og glede, om livets store og små  
spørsmål.
8. Du får tid til å reflektere, tenke  
kritisk og sjølvstendig om tru og kva  
kristendom er.
9. Du blir del av eit større fellesskap.  
Berre sjå på #konfirmantene på  
TikTok!
10. Du møter folk med ulike  
meiningar, og saman med dei lærer  
du noko felles.

Helsing oss i kyrkjene i Ørsta.  
Adr: Vikegata 5, 6150 Ørsta  
Telefon: 70048640



DEN NORSKE KIRKE



KONF  
IRM  
AN  
\*



DEN NORSKE KYRKJA

Ei tid for  
fellesskap  
og til å  
tenke  
sjølv



## Neste år kan du feire din konfirmasjonsdag i kyrkja! Velkommen som konfirmant i Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta kyrkjer!

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Vi håper du vil være konfirmant hos oss!

### KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjøre sterkt».

Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når det bes ei bøn for deg. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å være ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er en påminninga om at Gud i dåpen sa ja til å være ein del av ditt liv.



### KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja.

Døvekyrkjene har eigne tilbod med undervisning på teiknspråk i teiknspråkmiljø for deg som er døv/høyrselshemma. Sjå meir på dovekirken.no.

Ynskjer du å delta på samisk konfirmantleir kan du også det, uansett kvar du deltar i konfirmantopplegg. Sjå meir på kyrkja.no/samisk.

### KONFIRMASJONSTIDA HJÅ OSS

Kyrkjene i Ørsta har **eiga brosjyre** der du kan lese om konfirmanttida i Hjørundfjord sokn, Vartdal sokn og Ørsta sokn. Denne får de tilsendt ved brevet om innmelding som kjem ut i mai.

**Les meir om kva vi gjer i konfirmanttida på [www.iKyrkja.no](http://www.iKyrkja.no).**

### LEIR

Vi reiser også på leir. Vi ynskjer å gi deg gode opplevelingar saman med venner og leiare. Tidspunkta for vår leir er i Vinterferien, me startar første laurdagen der og har to leifar etterkvarandre, der siste gjeng reiser heim onsdag. Meir informasjon finn du på heimesida etterkvart.

### KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døyt og lurer på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje alene!

Over tusen ungdomar vert kvart år døypt i forkant av konfirmasjonen. Du får god informasjon på førehand og på sjølve dåpsdagen har du med deg dine næreste i ein fin seremoni. Ta då kontakt med Ørsta kyrkjekontor.

### PÅMELDING

Gå inn på [www.minkirkjeside.no/orsta](http://www.minkirkjeside.no/orsta) og fyll ut skjema for innskriving under fana konfirmant. Viktig at føresette og konfirmant gjer dette saman. Treng de eller ynskjer de spesiell tilrettelegging treng vi informasjon om dette tidleg. Er de usikker på noko er det berre å ringe oss, vi er berre glad for å få hjelpe til og legge til rette slik det skal verte ei fin konfirmanttid.

**Påmelding på nett frå juni 2023.  
Frist for å melde seg på er 30. august**

Hugs: Ørsta kyrkjene har eiga brosjyre om konfirmanttida her, les den meir nøye.

## Opplev livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene



For at du skal få et innblikk i hva kirkelig konfirmanttid går ut på, har årets kull delt fra livet som konfirmanter på TikTok **#konfirmantene**.